



Saksframlegg

Utval	Utvalssak	Møtedato
Formannskapet	118/16	15.12.2016

Årleg rullering av "Plan for idrett og friluftsliv 2012 - 2015"

Vedlegg

1 Plan for idrett og friluftsliv 2012-2015 - endeleg vedtak

Saksopplysningar

Handlingsprogram for anlegg i perioden 2012-2015 er ein del av plan for idrett og friluftsliv. Handlingsprogrammet skal rullerast kvart år, medan hovudrevisjon av planen skjer kvart 4. år, for denne plana betyr det eigentleg, ein hovudrevisjon i 2016. Behandling i Formannskapet - 07.06.2016

«Formannskapet sitt vedtak:

1. *Det blir hovudrevisjon av plana for idrett og friluftsliv for perioden 2017-2020».*

Revisjonen er i gang, det har vore folkemøte og det har kome inn mange innspel til den nye saka til fristen 15. oktober. Saka er diverre ikkje klar til å leggast fram til høyring enno, grunna manglande personressurs på kultur no i haust. Framdrift for plana er å legge den ut på høyring på eit av dei første møta på nyåret, seks veker høringsfrist – så vedtak, forhåpentlegvis før sommaren 2017.

Årsaka til at handlingsprogrammet må rullerast ein siste gong er at det i spelemiddelordninga er eit krav om dette.

Handlingsprogrammet tek utgangspunkt i:

- Vurdering av nye behov for anlegg, prioritert etter mål og strategiar, med grunnlag i behovsvurderingar på aktivitetssida.
- Rammevilkår ut frå kommunen sin økonomiske evne (økonomiplan) og andre vilkår som er lagt for tildeling av offentlige løyvingar.
- Ivaretaking av allmennheita sine rettar og behov knytte til utøving av friluftsliv.
- Kommunen sine utbyggingsplanar og andre arealplanar.

Planen skal no rullerast, etter at lag, foreiningar og kommune har kome med nye spelemiddelsøknadar, frist for søknadar vart satt til 15. oktober og annonsert i aviser og på nett.

Idrettsrådet har fått informasjon om prosjekta/søknadane og deira prioritering vil bli lagt fram i formannskapsmøtet 15. desember.

Vurdering

Rullering av handlingsprogrammet i planen dreier seg i det store og heile om prioritering av tiltaka (søknadene), i forhold til kvarandre. Det er opning for å kome med nye tiltak dersom dette er kostnadsberekna til under 600 000 kroner (grense for nærmiljøanlegg), og det er også opning for at formannskap kan flytte tiltak frå den uprioriterte delen i handlingsprogrammet og inn i den prioriterte, slik at tiltaket kan søke om spelemidlar.

Utgangspunktet for prioriteringane vart gjort i 2012 når plan for idrett og friluftsliv sist hadde sin hovudrevisjon. Dei årlege justeringane sørgjer for at tiltak som har fått tilskot fell ut av lista og at dei tidlegare tiltaka saman med nye søknadar blir prioritert på nytt. Idrettsrådet skal vurdere kva for prioritet dei syns er viktige for idretten i Surnadal.

Prioriteringane som blir gjort i Idrettsrådet og formannskapet er viktige med tanke på kva for tiltak som får midlar det påfølgjande året. Til dømes så vart Øye stadion prioritert som nr. 1 ved rulleringa av handlingsplanen i 2015 og tiltaket fekk tildelt omtrent halvparten av godkjende midlar (1 500 000) same år! Øye stadion sto ferdig i 2009 og har tidligare ikkje vore prioritert på topp. Det er eit poeng å sjå kor lenge dei enkelte søknadane har vore godkjente, ein kan sjølvsagt argumentere med at kommunen har god nok økonomi til å vente på sine midlar. Øye stadion er ikkje lengre på lista, fordi sluttutbetaling kom inn til kommunen no i haust – totalt 3 200 000,- kroner. Dermed så er eit stort prosjekt ferdig og andre kan rykke opp.

Over til prioriteringstabellen:

Ordinære anlegg for idrett og utbygging i perioden 2012-2015 – prioritert del

Prioritering 2015	Anlegg/tilrettelegging med prioriteringar frå sist år.	Stad	Kost. 1000	Anleggsstart – finansiering Km = kommunale midlar Sm = Spelemidlar Pr = privat del (eigne midlar) Andre (A)= Statleg tilskot, m.m. km= kulturbudsj															
				2012				2013				2014				2015			
				Km	Sm	Pr	A	Km	Sm	Pr	A	Km	Sm	Pr	A	Km	Sm	Pr	A
	<i>Ridehall ved Syltmoen</i>	<i>Surnadal</i>	<i>5 250</i>		X			<i>Ferdig og alt utbetalt i 2013</i>											
	<i>Lysløype</i>	<i>Todalen</i>	<i>806</i>		X			<i>Ferdig og alt utbetalt i 2014</i>											
	<i>1 Motocrossbanen</i>	<i>Kvanne</i>	<i>777</i>		X			<i>Ferdig og alt utbetalt i 2016</i>											
	<i>2 Øye Stadion</i>	<i>Surnadal</i>	<i>17 000</i>		X			<i>Ferdig og alt utbetalt i 2016</i>											
	<i>3 Smørebu/Idrettssenter</i>	<i>Nordmarka</i>	<i>570</i>		X			<i>Tildelt midlar 2015</i>											
	<i>"Turprosjekt"</i>							<i>Bøfjorden har fått tildelt midlar på sitt stiprosjekt</i>											
	<i>4 Snøkanonanlegg</i>	<i>Surnadal</i>	<i>12 900</i>					X										<i>5 stk Fornya søknad 2017 1 stk ny søknad i same anlegget, med Surnadal II som søkar (tidtakarbu/m.m.)</i>	
	<i>5 Bæverdalen skyttarlag, Rehab. standplassbygg</i>	<i>Bæverfjord</i>	<i>315</i>					X					X					<i>Tildelt midlar 2015</i>	
	<i>6 Nytt lysanlegg</i>	<i>Syltøran</i>	<i>680</i>					X					X					<i>Fornya søknad 2017</i>	
	<i>7 Hjelmen skyttarlag Elektronikk 15m bane</i>	<i>Bøfjorden</i>	<i>250</i>					X		<i>Ikke søkt</i>		X						<i>søknad – trekt i 2013</i>	
	<i>8 Maratonbane ved ridehall 9 Gjestestall/gjesteboksar i ridehall 10 Gjestestall</i>	<i>Surnadal</i>	<i>600</i>															<i>Ferdig og alt utbetalt i 2015</i>	
	<i>11 Bæverfjord skyttarlag, nytt skyttarhus</i>	<i>Bæverfjord</i>	<i>1 300</i>					X		<i>Ikke søkt</i>									
	<i>12 Garderobar Angråmyra</i>	<i>Surnadal</i>											X					<i>Fornya søknad 2017</i>	
	<i>13 Lagerbygg til friidrett</i>	<i>Øye stadion</i>															X		
	<i>14 Fleirbrukshall</i>	<i>Surnadal</i>	<i>20 000</i>															<i>Utsett</i>	

I den prioriterte delen i handlingsprogrammet må enkelte av anlegga framleis stå fordi dei enten har fått delar av spelemidlane utbetalt, eller tiltak er ferdigstilt, eller delvis ferdigstilt og derfor "ventar" på utbetaling av spelemidlar. Her synleggjer ein at ein ønskjer utbetaling av spelemidlane snarast.

Tabell A1, ordinære anlegg prioritert del 2012 – 2015, forslag til prioritering:

	Ordinære anlegg					Anleggsstart			
	<i>Anlegg/tilrettelegging</i>	<i>Stad</i>	<i>Kost. 1000</i>	<i>Søk sum</i>	<i>Ferdig</i>	<i>2016</i>	<i>2017</i>	<i>2018</i>	<i>2019</i>
1 (2)	Nytt lysanlegg	Syltøran	378	123	2012				
2 (3)	Garderobar Angråmyra	Surnadal	581	172	2013				
3 (4)	"Turprosjekt" Ski/tur-trase, Vang – Strengen Stisystem i Svinvik Kavelveg Åsen/Galtmette Rehabsti Bårdshaugen Langhuskopi KulTursti - Skei	Kvanne	820	410	2016				
4(5)	<i>Snøkanonanlegg</i> 02 - garasjeanlegg 01 - høyre trase 04 - midttrase 05 - hovudrørtrase 06 - park og skogsløype	<i>Surnadal</i>	21 000 1 950 3 000 3 000 10 050 3 000	5 000 1 000 1 000 1 000 1 000 1 000	2014				
5 (7)	Lagerbygg til friidrettsanlegget	Øye stadion				x			
6 (8)	Nytt skyttarhus	Bæverfjord	1 500	500					
7 (9)	Fleirbrukshall	Surnadal	20 000						
8 (10)	Gangveg langs Surna (Øye/Grimsmo)	Surnadal							

Røde tal i parentes viser fjordårets prioritering

Som de ser har rådmannen endra tabelloppsettet litt, dette for å synleggjere kor stor totalkostnadane på tiltaka er og kor mykje spelemidlar det er søkt om, i tillegg viser ein når anlegga sto ferdig, slik at vi har ein viss kontroll på etterslepet (kor lenge ein må vente på tilskot frå stat/fylke).

Litt om tiltaka:

Nytt lysanlegg Syltøran

Fotball har vorte ein heilårssport, og dagens lysanlegg held langt frå dagens krav om lys til trening og kamper i mørke haust- og vinterkveldar, fornya søknad på femte året.

Garderobar i skyttarhuset på Angråmyra

Surnadal skyttarlag vil utvikle sitt skyteanlegg på Angråmyra. Sist år vart det søkt på nytt garderobeanlegg til Angråmyra. Ombygginga er ferdig og dei har levert sin tredje fornya søknad på dette anlegget.

"Turprosjekt" - merking av turar i Surnadal kommune

Dette prosjektet er godt i gang. Bøfjorden IL, Nordvik Grendalag og Knykstien har fått støtte til merkeprosjekt, gjennom spelemidlar (Bøfjorden IL) og Gjensidige prosjektet. Kommunen har gjennom næringsfondet støtta ein del merkeprosjekt, mellom anna prosjektet til Bæverfjord IL. På toppen av dette er det områder som er merka av historielag og grendelag som har søkt støtte utom dei kommunale kanalar. Til sist vil rådmannen vise til Friluftsrådet som støtter merking av Stikk-Ut turane, noko som har ført til stor utfartstrong i befolkninga. Alle desse turtiltaka har vore ein positiv tilvekst til kommunen sitt friluftsliv. Ny søknad på delprosjekt Vang – Strengen i 2016 – fornya søknad levert til 2017.

Ski/tur-trase Vang - Strengen

IL Sjøya er i ferd med å etablere to tråkkemaskin – tur/sykkeltitrasear i området frå Vang skiarena og retning Strengen. Den eine går frå Vang skiarena og opp Langliene mot Strengen. Dette blir en trase med liten stigning som blir godt egna for folk i alle aldra og med ulike typar ski. Deler av denne traseen er også tenk å kunne brukas som sykkel- og gå trasse på sommaren. Den andre traseen er frå Rø-brua og opp mot Strengen, eit stykke lengre øst. Dette blir en brattare trase som er beregnet for randonee ski.

Kavelveg - Åsen/Galtmette

Museet ser på om det er muleg å lage ein kultursti i samband med Kavelvegen (ein veg laga av trestokkar) på Galtmette. Kavelvegen er frå 1070 (+/- 50 år) og ligg i myra oppe på Eidet, det ligg fleire kavelvegar i dette området, noko som viser til stor aktivitet i tidlegare tider. Ein av tankane er å lage kopi av denne vegen slik at vi ser korleis dei vart laga, i tillegg ser vi for oss ein del skilt med informasjon om livet i området på den tida. Vi ønskjer ein rundtur med utgangspunkt i bygdemuseet på Åsen. I 2016 fekk Surnadal kommune midlar frå Riksantikvaren og Møre og Romsdal fylke til eit forprosjekt på dette. Det var arkeologiske registreringar i området i sommar og grunneigarane er informert. Dette er eit prosjekt vi arbeider vidare med i 2017, spelemiddelsøknad 2018.

Stisystem i Svinvik arboret

Stiane held på å bli slitne, og ein treng også her eit tilbod for rørslehemma, det er teikna eit forslag på utvikling av stisystemet, men dette krev planlegging saman med Nordmøre museum, førebels utsett, grunna prosjektet med Kavelvegen og kommuneøkonomien.

Rehabsti Bårdshaugen

Dette er eit ønskje frå fysioterapeutane på sjukeheimen, dette er førebels i eit tidleg stadium, men ein kan kanskje søkje om midlar til dette i 2018/19

Langhuskopi KulTursti – Skei

Helseløype rundt Bårdshaugen, tilrettelagt for bebuarar og brukarar i området, samt skular og barnehagar med eit kulturtilsnitt, plakatar og informasjon om bronsealderfunna som vart gjort her i samband med utbygginga av sjukeheimen for nokre år sidan, er noko ein kan få til utan å søkje spelemidlar. Det er eit ønskje å lage ei turmål på «løkka» ved enden av sjukeheimen (mot Skei) der ein kunne ete niste eller tatt ein kvil, det hadde vore spennande å fått til ein «Langhuskopi». Dette kunne også blitt bruka som turmål for skulane og barnehagane i kommunen. Dette er og i eit tidleg stadium, usikker når ein kjem så langt som til å søkje spelemidlar.

Nordmarka idrettsenter:

Det vart i 2013 søkt om midlar til ei "helseløype" ved Glønavatnet (ikkje spelemidlar), men vi fekk ikkje midlar ved den tildelinga. Helseløypeprinsippet er eit lågterskeltilbod for alle med universell utforming, gode parkeringsplassar, toalett, kvilebenkar kvar 100m. og flatt terreng. På Nordmarka ser vi og for oss fiskebrygger for rullestolbruk, gapahukar og klatrejungel for ungar. Dette er ein del av eit større prosjekt på Nordmarka. Det er blåst nytt liv i planane og vi arbeider vidare med dette.

Bru og tursti i Øvre Surnadal, ligg inne på uprioritert del, her treng vi innspel frå eit lag eller ein organisasjon for å gå vidare med planane.

Turløype langs Surna (Øye til Grimsmo)

Ein ser for seg ein mengd med aktivitetar i samband med ein slik tursti, - framleis på føreprosjekteringsstadiet, vart løfta inn på prioritert liste i 2016.

Snøkanonanlegg i Sæterlia

Eigedomsselskapet i alpínsenteret, Surnadal Alpineiendom AS, vel å dele opp spelemiddelsøknaden til fem delprosjekt, difor har dei ein utvida boks i tabellen. Delprosjekta er: garasjeanlegget, høyre trase, midttraseen, hovudrørtraseen samt park og skogsløypa. Anlegget skal i skrivande stund i gang med prøvekjøring og vi håpar at det vil ope for drift med kunstsno i desember 2014. Alle fem søknadane vart godkjente i 2015 og det blir levert fornya søknadar på alle i 2016.

Tidtakarbu/scootergarasje m.m. i Sæterlia

Surnadal II søker om å få byggje eit lite hus ved enden av løypene i Sæterlia, dei driv trening og konkurranse i anlegget og treng ny tidtakarbu, dei ser for seg eit bygg som er bygd inn i terrenget slik at tidtakar- speakerbua blir «oppe», medan «sokkelen» blir nytta til scooterar, slik at dei kan ha hurtig utrykking om det skjer noko i anlegget. Denne søknaden kjem inn under same anleggsnummer som dei andre søknadane i Sæterlia og blir difor plassert saman med dei på prioriteringslista.

Lagerbygg til friidrettsanlegget på Øye stadion

Det er behov for eit lagerbygg i samband med friidrettsområdet på Øye stadion, ny spelemiddelsøknad vil bli sendt inn i 2018.

Fleirbrukshall/fotballhall

Surnadal idrettslag har lansert planar om å bygge ein fotballhall, 60x40. Plana held på å utkrystalliserer seg. Det vi blir arbeidd med forprosjekt og søknad framover.

Tabell A2 ordinære anlegg uprioritert del 2012 – 2015(frå vedteke plan).

- *Pipeland – buldring og klatring*
- *Skatepark*
- *Gangbru i Grytåfeltet*
- *Sykkelkonsept*
- *Nærmiljøanlegg Surnadalsøra*
- *Familievennlege sykkeltrasear.*
- *Fiskeplass for funksjonshemma ved Surna*
- *Bru over Surna*
- *Tennisbane på Øye*

Det er opp til formannskapet å løfte anlegg frå den uprioriterte tabellen inn i den prioriterte delen. Kort om dei enkelte tiltaka:

Familievennlege sykkeltrasear

Ved å legge til rette ute i terrenget er det muleg å få til samanhengande sykkelruter mellom Hamnes – Bæverfjorden, Stangvik – Torvik, Øvre Berset – Langvatnet. Manglar førebels forankring innanfor sykkelporten.

Pipeland

Det er planlagt å etablere eit aktivitetsanlegg samansett av plastrør, der "buldring" skal vere hovudaktiviteten. Ein ser for seg mange ulike klatreruter og mulegheit for å variere desse. Høgda på klatringa vil vere tilpassa regelverk for buldring slik at sikkerheita blir ivareteke. Manglar førebels forankring, usikkert om kven som vil stå for spelemiddelsøknaden og kor den fysiske plasseringa blir.

Bru over Grytå

Bru over Grytå vil binde saman Grytåfeltet på ein god måte og sikre fleire mosjonsruter for folk busette her. Manglar førebels forankring, usikkert om kven som vil stå for spelemiddelsøknaden.

Sykkelkonsept

Synleggjere mulegheiter på sykkel gjennom tekst, kart og bilde.

Bru over Surna

I Øvre Surnadal treng ein gangveg langs elva. På Harangen er det relativt enkelt å få til noe slikt, avhengig av standarden man skal vel på gangvegen. Skogrydding og grusing av traseen kan gjøre sørsida til et ønsket turmål! Det er ved to problemområde ved Solemsbrua og ved Leirkleiva. Der er vegen uoversiktlig og det er ikkje mogleg å lage gangveg utan å sprengje vekk fjell. For å løyse problemet ønskjer innbyggjarane seg ei (gangbru) over elva.

En bru i området vil knytte Harangen og Fiske tettare saman og gjøre lokalmiljøet betre. I tillegg vil en gangveg mellom Solemsbrua og Leirkleiva bli mykje bruka og vil utløyse større fysisk lågterskelaktivitet. Dette prosjektet er allereie ein del av "Turprosjektet" og ligg som eit av delprosjekta der, klar til å søkje midlar på når det blir ønska av bebuarane i området.

Dette er informasjon som per i dag ligg i plana, men rådmannen har så langt ikkje vorte kontakta av forslagstillarane med ønskje om at dei vil gå vidare med planane.

Tabell med forslag om prioriteringar for nærmiljøanlegg:

Nærmiljø anlegg						Anleggsstart			
	Anlegg/tilrettelegging	Stad	Kost. 1000	Søk sum	Ferdig	2016	2017	2018	2019
1	Kunstgrasløkke Svissholmen	Stangvik	600	300	2015				
2	Brumelen del 1	Surnadalsøra				x			
3	Brumelen del 2	Surnadalsøra	600	300			x		
4	Brumelen del 3	Surnadalsøra	600	300				x	

Brumelen del 1 blir ikkje realisert gjennom spelemiddelordninga. Ein bør sjå på dette prosjektet i samband med ei utvida plan for Surnadalsøra.

Rådmannen si tilråding

A1 Ordinære anlegg prioritert del 2012 – 2015:

1. *Syltøran fotballstadion, nytt lysanlegg*
2. *Angråmyra skytebane, garderobar innandørsanlegg*
3. *«Turprosjektet» Tilrettelegging av nye stiprosjekt i heile kommunen (1. prioritet innanfor dette prosjektet er tilrettelegging av skitraseer Vang – Strengen og Røen)*
4. *Sæterlia alpinanlegg, Snøkanonanlegg (seks forskjellige søknader – Surnadal Il søker om tidtakarbu/scootergarasje ved innkomsten av løypene)*
5. *Øye stadion. lagerbygg til friidrettsanlegget (Ikkje innsendt søknad i 2017)*
6. *Bæverdalen skyttarlag, nytt skyttarhus (Ikkje innsendt søknad i 2017)*
7. *Fleirbrukshall (Ikkje innsendt søknad i 2017)*
8. *Tursti (gangveg) langs Surna frå Grimsmo til Øye (Ikkje innsendt søknad i 2017)*

Tabell A2 ordinære anlegg uprioritert del 2012 – 2015:

- *Skatepark*
- *Gang og sykkelbru frå Svartvassområde til Øye*
- *Elektronisk felt, stang, stupar på Angråmyra*
- *Fiskeplass for funksjonshemma ved Surna*
- *Familievennlege sykkeltrasear.*
- *Pipeland – buldring og klatring*
- *Bru over Surna*
- *Sykkelkonsept*
- *Gangbru i Grytåfeltet*
- *Tennisbane på Øye*

B. Utbygging av nærmiljøanlegg i perioden 2012-2015:

- *Nærmiljøanlegg, kunstgras Svissholmen – Stangvik*
- *Nærmiljøanlegg Brumelen – Surnadalsøra*
- *Leikeplass og fotballbane, Grytå vel*
- *Badestrand m.m., Einholmen Bæverfjorden*
- *Fiskebrygge, Glønavatnet*
- *Øye, nærmiljøanlegg*
- *Rullestolløype, Vindøladalen*
- *Tennisbane på Øye*

Behandling i Formannskapet - 15.12.2016

Forslag:

Formannskapet arbeidde seg fram til følgjande endringsforslag:

Skatepark og Fiskeplass for funksjonshemma ved Surna blir flytta opp til prioritert del henholdsvis nr. 9 og 10.

Votering:

Endringsforslaget vart samrøystes vedteke.

Votering:

Tilrådinga frå rådmannen med det vedtekne endringsforslaget vart samrøystes vedteke.

Formannskapet sitt vedtak:*A1 Ordinære anlegg prioritert del 2012 – 2015:*

1. *Syltøran fotballstadion, nytt lysanlegg*
2. *Angråmyra skytebane, garderobar innandørsanlegg*
3. *«Turprosjektet» Tilrettelegging av nye stiprosjekt i heile kommunen (1. prioritet innanfor dette prosjektet er tilrettelegging av skitraseer Vang – Strengen og Røen)*
4. *Sæterlia alpinanlegg, Snøkanonanlegg (seks forskjellige søknader – Surnadal Il søker om tidtakarbu/scootergarasje ved innkomsten av løypene)*
5. *Øye stadion. lagerbygg til friidrettsanlegget (Ikkje innsendt søknad i 2017)*
6. *Bæverdalen skyttarlag, nytt skyttarhus (Ikkje innsendt søknad i 2017)*
7. *Fleirbrukshall (Ikkje innsendt søknad i 2017)*
8. *Tursti (gangveg) langs Surna frå Grimsmo til Øye (Ikkje innsendt søknad i 2017)*
9. *Skatepark*
10. *Fiskeplass for funksjonshemma ved Surna*

Tabell A2 ordinære anlegg uprioritert del 2012 – 2015:

- *Gang og sykkelbru frå Svartvassområde til Øye*
- *Elektronisk felt, stang, stupar på Angråmyra*
- *Familievennlege sykkeltrasear.*
- *Pipeland – buldring og klatring*
- *Bru over Surna*
- *Sykkelkonsept*
- *Gangbru i Grytåfeltet*
- *Tennisbane på Øye*

B. Utbygging av nærmiljøanlegg i perioden 2012-2015:

- *Nærmiljøanlegg, kunstgras Svissholmen – Stangvik*
- *Nærmiljøanlegg Brumelen – Surnadalsøra*
- *Leikeplass og fotballbane, Grytå vel*
- *Badestrand m.m., Einholmen Bæverfjorden*
- *Fiskebrygge, Glønavatnet*
- *Øye, nærmiljøanlegg*
- *Rullestolløype, Vindøladalen*
- *Tennisbane på Øye*